



Utval: Formannskap/økonomiutval
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Møtedato: 13.06.2019
Møtetid: 09:00 – 15:45

Fylgjande faste medlemmer var til stades:

Navn	Funksjon	Representerer
Svein Forberg Liane	Medlem	V
Hanne Norgaard	Medlem	AP
Halfdan Haugan	Ordførar	AP
Jon Svartdal	Varaordførar	H
Gunnar Eilefstjønn	Medlem	H
Henry Mæland	Medlem	SP
Beate Marie Dahl Eide	Medlem	SP

Fylgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Fylgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Til stades frå administrasjonen:

Navn	Stilling
Finn-Arild Bystrøm	Rådmann
Frid Berge	Kommunalsjef
Lillian Olsen Opedal	Kommunalsjef
Even Fossum Svendsen	Kommunalsjef
Asbjørn Storrusten	Kultur- og Næringssjef (Sak 45/19,50/19 og 55/19)
Ingeborg Nenseter Jensen	Organisasjons- og personalsjef

Protokollunderskrifter:

Halfdan Haugan

Henry Mæland

Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 38/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
PS 39/19	Årsmelding 2018 for Seljord kommune	
PS 40/19	Årsrekneskap 2018 for Seljord kommune	
PS 41/19	Investeringsbudsjettet 2019 - Rebudsjetteringar, nedbudsjettering og tilleggsløyvingar	
PS 42/19	Driftsbudsjettet 2019 - Budsjettkontroll pr. 31.05.2019	
PS 43/19	Status reduksjon i årsverk etter første halvår av økonomiplanperiode 2019-2022	
PS 44/19	Kraftkompetanse Kommunalt oppgåvefelleskap (KO) - Godkjenning av samarbeidsavtale	
PS 45/19	Søknad om stønad til Seljord Næringshage AS for vidare arbeid i 2019	
PS 46/19	Busetting av flyktningar i Seljord kommune perioden 2020-2023	
PS 47/19	Kommunale utleigebustadar	
PS 48/19	Arbeidsprogram 2019 Seljord kommune	
PS 49/19	Etablering av Vestfold og Telemark revisjon IKS	
PS 50/19	Retningsliner for regulering av støy frå høgtalarar/ musikkanlegg i Seljord kommune	
PS 51/19	Økonomireglement i Seljord kommune - revidert	
PS 52/19	Mulighetsstudie E134 - RV41, prioriterte prosjekt og kostnad kommunal handsaming	
PS 53/19	Samarbeid om felles NAV-kontor for Fyresdal, Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke - § 20-2 vertskommuneavtale	
PS 54/19	Psykologstillingar i Vest-Telemark - Vertskommuneavtale	
PS 55/19	Søknad om tilskot til å dekke ekstrakostnad med kork på Eventyrøy - Seljord idrettslag	
PS 56/19	Søknad frå Uppigard Natadal om løyve til å skjenke eigenprodusert øl	
PS 57/19	Seljord kommune sine merknader til kunnskapsgrunnlaget "Ditt og mitt Vestfold og Telemark"	
PS 58/19	Tilbod frå Vest-Telemark Næringsbygg - Administrasjonsbygg	x

Saker til handsaming

PS 38/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Protokollen frå møte 29. mai vart samrøystes godkjent.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Protokollen frå møte 29. mai er godkjent.

PS 39/19 Årsmelding 2018 for Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Årsmeldinga gir ein reell beskriving av aktiviteten for Seljord kommune i 2018. Årsmeldinga takas til vitande.

Handsaming i Administrasjonsutval - 05.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Administrasjonsutval - 05.06.2019

Årsmeldinga gir ein reell beskriving av aktiviteten for Seljord kommune i 2018. Årsmeldinga takas til vitande.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Formannskapet godkjenner årsmelding 2018 og tilrår kommunestyret å godkjenne årsmelding 2018.

PS 40/19 Årsrekneskap 2018 for Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å gjere slik tilråding til kommunestyret:

Årsrekneskapen 2018 for Seljord kommune vert teken til vitande. Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2.124.000 vert sett av til disposisjonsfond (balansekonto 25650001).

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Formannskapet godkjenner årsrekneskapet og revisjonsberetning og tilrår kommunestyret å godkjenne årsrekneskap 2018 og revisjonsberetning

Rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 2.124.000 vert sett av til disposisjonsfond (balansekonto 25650001)

PS 41/19 Investeringsbudsjettet 2019 - Rebudsjetteringar, nedbudsjettering og tilleggsløyvingar

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å gjere slik tilråding til kommunestyret:

Det vert gjort budsjettjusteringar som går fram saksframlegget og Budsjettskjema 2 A og Budsjettskjema 2 B. «Investeringar i anleggsmidlar» vert høgda med kr 4.305.000, frå kr 29.814.000 til kr 34.119.000. Utlån vert høgda frå kr 0 til kr 2 mill. Bruk av lånemidlar vert høgda med kr 5.537.000 frå kr 26.421.000 til kr 31.958.000, derav kr 17.753.000 i nytt låneopptak.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Formannskapets tilråding til kommunestyret:

Det vert gjort budsjettjusteringar som går fram saksframlegget og Budsjettskjema 2 A og Budsjettskjema 2 B. «Investeringar i anleggsmidlar» vert høgda med kr 4.305.000, frå kr 29.814.000 til kr 34.119.000. Utlån vert høgda frå kr 0 til kr 2 mill. Bruk av lånemidlar vert høgda med kr 5.537.000 frå kr 26.421.000 til kr 31.958.000, derav kr 17.753.000 i nytt låneopptak.

PS 42/19 Driftsbudsjettet 2019 - Budsjettkontroll pr. 31.05.2019

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å gjere slik tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek til vitande at budsjettkontrollen for driftsbudsjettet pr. 31.05.2019 syner eit venta meirforbruk på kr 6,25 mill.

Det vert gjort dei budsjettjusteringane som går fram av tabellen i avsnittet «Oppsummering», jf. «Økonomisk oversyn – Drift». Dette inkluderer tilleggsløyvingar på kr 6,25 mill. som vert dekt av disposisjonsfondet (balansekonto 25650001). Rådmannen må så langt råd er, innanfor omgrepet «forsvarleg drift», prøve å redusere bruken av disposisjonsfondet.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Formannskapet ber om ein justert økonomiplan til hausten.

Rådmannen si tilråding med tillegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Formannskapetets tilråding til kommunestyret:

Kommunestyret tek til vitande at budsjettkontrollen for driftsbudsjettet pr. 31.05.2019 syner eit venta meirforbruk på kr 6,25 mill.

Det vert gjort dei budsjettjusteringane som går fram av tabellen i avsnittet «Oppsummering», jf. «Økonomisk oversyn – Drift». Dette inkluderer tilleggsløyvingar på kr 6,25 mill. som vert dekt av disposisjonsfondet (balansekonto 25650001). Rådmannen må så langt råd er, innanfor omgrepet «forsvarleg drift», prøve å redusere bruken av disposisjonsfondet.

Administrasjonen viser fram justert økonomiplan til hausten.

PS 43/19 Status reduksjon i årsverk etter første halvår av økonomiplanperiode 2019-2022

Rådmannen si tilråding:

Deler av kommunens programområder er underfinansiert, og kommunestyrets vedtak om å redusere 15 årsverk i økonomiplanperioden er urealistisk å oppnå.

Det settast ned ein administrativ/tverpolitisk ad-hoc arbeidsgruppe som har som mål å einast om ein felles verkelegheitsforståing for Seljord kommunes økonomiske situasjon, og kva for grep som bør gjørast for å jobbe for å nå vedtekne økonomiske måltall.

Ad-hoc arbeidsgruppa legg fram sine anbefalingar til kommunestyre 5. september 2019.

Handsaming i Administrasjonsutval - 05.06.2019

Kommunestyret 07.11.2019 skal handsame saka. AMU skal handsame saka før kommunestyret den 20.06.

Rådmannen si tilråding med dei endringane som er lagt til i handsaminga vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Administrasjonsutval - 05.06.2019

Deler av kommunens programområder er underfinansiert, og kommunestyrets vedtak om å redusere 15 årsverk i økonomiplanperioden er urealistisk å oppnå.

Det settast ned ein administrativ/tverpolitisk ad-hoc arbeidsgruppe som har som mål å einast om ein felles verkelegheitsforståing for Seljord kommunes økonomiske situasjon, og kva for grep som bør gjørast for å jobbe for å nå vedtekne økonomiske måltall.

Ad-hoc arbeidsgruppa legg fram sine anbefalingar til kommunestyre 07.11.2019. AMU skal handsame saka før kommunestyret den 20.06.2019.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Deler av kommunens programområder er underfinansiert, og kommunestyrets vedtak om å redusere 15 årsverk i økonomiplanperioden er urealistisk å oppnå.

Det settast ned ein administrativ/tverpolitisk ad-hoc arbeidsgruppe som har som mål å einast om ein felles verkelegheitsforståing for Seljord kommunes økonomiske situasjon, og kva for grep som bør gjørast for å jobbe for å nå vedtekne økonomiske måltall.

Ad-hoc arbeidsgruppa legg fram sine anbefalingar til kommunestyre 5. september 2019.

PS 44/19 Kraftkompetanse Kommunalt oppgåvefelleskap (KO) - Godkjenning av samarbeidsavtale

Rådmannen si tilråding:

1. Seljord kommune godkjenner samarbeidsavtale om skiping av «Kraftkompetanse KO» slik den er lagt fram.
2. Seljord kommune godkjenner eigarstrategi for «Kraftkompetanse KO» slik den er lagt fram
3. Seljord kommune tek forretningsplan for «Kraftkompetanse KO» til orientering.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

4. Seljord kommune godkjenner samarbeidsavtale om skiping av «Kraftkompetanse KO» slik den er lagt fram.
5. Seljord kommune godkjenner eigarstrategi for «Kraftkompetanse KO» slik den er lagt fram
6. Seljord kommune tek forretningsplan for «Kraftkompetanse KO» til orientering.

PS 45/19 Søknad om stønad til Seljord Næringshage AS for vidare arbeid i 2019

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskapet gjere følgjande vedtak;

Seljord kommune løyver ikkje driftsbidrag til Seljord Næringshage utover det som allereie er avtalt og budsjettera med fram til 31. juli 2019. Kommunen har eit fungerande samarbeid med Telemark næringshage som saman med kommunens tilsette skal handtere og koordinere den kommunale næringsutviklinga og tilby bistand frå det offentlege der det er naudsynt. Næringshagen i Seljord har no blitt etablert som ein god og veldreven verksemd og kommunen ser det som riktig å trekkje sin økonomiske bistand ut i tråd med budsjettvedtak for 2019.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Framlegg frå Halfdan Haugan (AP) på vegne av AP og H:

Seljord kommune løyver kr 50.000,- til Seljord Næringshage AS i tråd med søknad, dekt frå næringsfond.

Seljord kommune legg til grunn eit nært og tett samarbeid med kommunens næringsapparat og Telemark Næringshage.

Framlegg frå Henry Mæland (SP) på vegne av SP og V:

Formannskapet ser positivt på det arbeidet Seljord Næringshage gjer, men ynskjer ikkje i den økonomiske situasjonen å løyve ytterlegare driftsmidlar. Dersom det er særskilt prosjektretta arbeid kan kommunen vurdere støtte.

Seljord kommune legg til grunn eit nært og tett samarbeid med kommunens næringsapparat og Telemark Næringshage.

Avrøysting:

Rådmannen si tilråding fall med 7 stemmer.

Dei to framlegga opp mot kvarandre: 4 mot 3 stemmer for framlegget frå AP og H

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Seljord kommune løyver kr 50.000,- til Seljord Næringshage AS i tråd med søknad, dekt frå næringsfond.

Seljord kommune legg til grunn eit nært og tett samarbeid med kommunens næringsapparat og Telemark Næringshage.

PS 46/19 Busetting av flyktingar i Seljord kommune perioden 2020-2023

Rådmannen si tilråding:

Seljord kommune ynskjer å vere ein kommune som tek medansvar for det nasjonale arbeidet med flyktingar.

Seljord kommune kan i perioden 2020 til 2023 busette 10 flyktingar årleg. Busettinga bør i hovudsak vere barnefamiljar. Dersom ein ikkje lykkast med busetting etter plantalet det aktuelle året blir plassane overført til neste år i planperioden. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Seljord kommune skal vurdere nye verkemiddel i arbeidet med å sikre flyktingane stabile og varige butilhøve.

Seljord kommune skal sikre tilgang til inntil 10 praksisplassar fordelt på avdelingane/einingane i kommunen.

Økonomiplanperioden blir justert med utgangspunkt i at avdeling for integrering og vaksenopplæring har behov for 7,6 årsverk i perioden 2020-2023. Utgifter ved andre avdelingar/einingar blir lagt til grunn i den ordinære budsjettprosessen for 2020.

Det avsetjast 500 000 kr i kvart år i åra 2020-2023 for å møte eventuelle nye behov som oppstår gjennom budsjettåret. Restsumar frå føregåande år bidreg til å fylle neste års buffer.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Seljord kommune ynskjer å vere ein kommune som tek medansvar for det nasjonale arbeidet med flyktingar.

Seljord kommune kan i perioden 2020 til 2023 busette 10 flyktningar årleg. Busettinga bør i hovudsak vere barnefamiljar. Dersom ein ikkje lykkast med busetting etter plantalet det aktuelle året blir plassane overført til neste år i planperioden. Vedtaket inkluderer ikkje familiesameinte.

Seljord kommune skal vurdere nye verkemiddel i arbeidet med å sikre flyktningane stabile og varige butilhøve.

Seljord kommune skal sikre tilgang til inntil 10 praksisplassar fordelt på avdelingane/einingane i kommunen.

Økonomiplanperioden blir justert med utgangspunkt i at avdeling for integrering og vaksenopplæring har behov for 7,6 årsverk i perioden 2020-2023. Utgifter ved andre avdelingar/einingar blir lagt til grunn i den ordinære budsjettprosessen for 2020.

Det avsetjast 500 000 kr i kvart år i åra 2020-2023 for å møte eventuelle nye behov som oppstår gjennom budsjettåret. Restsumar frå føregåande år bidreg til å fylle neste års buffer.

PS 47/19 Kommunale utleigebustadar

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår Formannskap/økonomiutval til å gjera fylgjande vedtak:
Formannskap/økonomiutvalet rår Kommunestyret til på gjera fylgjande vedtak:
Avgjerd om eventuell sal av kommunale bygg vert teken opp til ny vurdering når ein har ein betre oversikt over bustadbehovet framover og når bruk av Heddeli er endeleg avklara.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Formannskap/økonomiutvalet rår Kommunestyret til på gjera fylgjande vedtak:
Avgjerd om eventuell sal av kommunale bygg vert teken opp til ny vurdering når ein har ein betre oversikt over bustadbehovet framover og når bruk av Heddeli er endeleg avklara.

PS 48/19 Arbeidsprogram 2019 Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret å fatte fylgjande vedtak:
Kommunestyret tek rapportering og status på tiltak i arbeidsprogram 2019 til vitande.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Formannskapet rår Kommunestyret til å ta rapportering og status på tiltak i arbeidsprogram 2019 til vitande

PS 49/19 Etablering av Vestfold og Telemark revisjon IKS

Rådmannen si tilråding:

Opprettinga av Vestfold og Telemark revisjon IKS blir tatt til vitande.

Stiftingsdokument erstattar tidligare avtale, fram til ny selskapsavtale trer i kraft 01.01.2020.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Opprettinga av Vestfold og Telemark revisjon IKS blir tatt til vitande.

Stiftingsdokument erstattar tidligare avtale, fram til ny selskapsavtale trer i kraft 01.01.2020.

PS 50/19 Retningslinjer for regulering av støy frå høgtalarar/ musikkanlegg i Seljord kommune

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet gjere følgjande vedtak;
Formannskapet rår kommunestyret å vedtak Retningslinjer for regulering av støy frå høgtalar / musikkanlegg dagsett 13. juni 2019 som gjeldande for Seljord kommune frå 1. juli 2019.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Formannskapet rår kommunestyret å vedta Retningslinjer for regulering av støy frå høgtalar / musikkanlegg dagsett 13. juni 2019 som gjeldande for Seljord kommune frå 1. juli 2019.

PS 51/19 Økonomireglement i Seljord kommune - revidert

Rådmannen si tilråding:

Punkt 5.4 i Seljord kommunes økonomireglement endras til:

5.4 Generelle krav til innkjøpsarbeidet

Ved planlegging av ei anskaffing skal det takast omsyn til:

- anskaffinga si verknad på helse, miljø og tryggleik samt at ein skal leggje til rette for at lokalt næringsliv er konkurransedyktig. Herunder vurdere markedsdialog i forkant av kunngjering.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Framlegg frå Svein Forberg Liane (V):

Fjerne siste setning i punkt 5.7 3 ledd *Mindre eingongskjøp (mindre enn 100 000 kr eks. mva.)*

Seljord kommune vil leggje opp til at konkurranseprinsippet vert vektlagt, jf. kommunen sine rutinar for innkjøp.

Rådmannen si tilråding med tillegget frå Svein Forberg Liane (V) vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Punkt i Seljord kommunes økonomireglement endras til:

5.4 Generelle krav til innkjøpsarbeidet

Ved planlegging av ei anskaffing skal det takast omsyn til:

- anskaffinga si verknad på helse, miljø og tryggleik samt at ein skal leggje til rette for at lokalt næringsliv er konkurransedyktig. Herunder vurdere markedsdialog i forkant av kunngjering.

5.7 3 ledd *Mindre eingongskjøp (mindre enn 100 000 kr eks. mva.)*

Lov om offentlege anskaffingar (LOV-2016-06-17-73) omfattar ikkje anskaffingar mindre enn 100 000 kr eks. mva.

PS 52/19 Mulighetsstudie E134 - RV41, prioriterte prosjekt og kostnad kommunal handsaming

Anbefalinga basera på sakshandsaming i Vest-Telemarkrådet:

1. Seljord kommunestyre viser til mulighetsstudien for E134 Seljord-Vinjessvingen og RV41 Vrådal-Brunkeberg. Kommunestyret ber Statens Vegvesen med utgangspunkt i denne å arbeide vidare med saka og utarbeide ei full bompengeutgreiing som kan gje grunnlag for lokal handsaming.
2. Kommunestyret ser det som uaktuelt å legge høgare gjennomsnittstakst enn 30 kr til grunn i det vidare arbeidet.
3. Kommunestyret føreset at kommunane i regionen, fylkeskommunen og andre berørte partar blir involvert i det vidare arbeidet.
4. Kommunestyret ber Statens Vegvesen medverke til at prosjektet også blir tilført statleg medfinansiering.

Rådmannens si tilråding:

Rådmannen rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Mulighetsstudiet for bompengeutgreiing for E 134 og RV41 syner små sjansar for å gjere større tiltak med det låge bompengepotensiale som ligg til grunn. Det er heller ikkje utgreia godt nok kva som vil bli konsekvensar for handelsnæringar og lokaltrafikk dersom ein bom på kommunegrensa mellom Seljord og Kviteseid skal finansiere alle tilrådde tiltak. Seljord kommune

ynskjer difor ha meir informasjon om konsekvensar for dette, og at det er klargjort og peika på finansieringskjelder fyre ein gjeng vidare med reguleringsplanar og ei full bompengeutgreiing.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Formannskapet rår kommunestyret til å fatte fylgjande vedtak:

Mulighetsstudiet for bompengeutgreiing for E 134 og RV41 syner små sjansar for å gjere større tiltak med det låge bompengepotensiale som ligg til grunn. Det er heller ikkje utgreia godt nok kva som vil bli konsekvensar for handelsnæringar og lokaltrafikk dersom ein bom på kommunegrensa mellom Seljord og Kviteseid skal finansiere alle tilrådde tiltak.

Seljord kommune ynskjer difor ha meir informasjon om konsekvensar for dette, og at det er klargjort og peika på finansieringskjelder fyre ein gjeng vidare med reguleringsplanar og ei full bompengeutgreiing.

PS 53/19 Samarbeid om felles NAV-kontor for Fyresdal, Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke - § 20-2 vertskommuneavtale

Rådmannen si tilråding:

Samarbeids-/vertskommuneavtale mellom kommunane Fyresdal, Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke om felles NAV-kontor, vert godkjent som den ligg føre.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samarbeids-/vertskommuneavtale mellom kommunane Fyresdal, Seljord, Vinje, Kviteseid, Nissedal og Tokke om felles NAV-kontor, vert godkjent som den ligg føre.

PS 54/19 Psykologstillingar i Vest-Telemark - Vertskommuneavtale

Det er eit lovkrav om at alle kommunar skal ha psykologkompetanse i frå 01.01.20. Det har blitt lyst ut etter psykologar i eit samarbeid mellom kommunane i Vest-Telemark to gonger tidlegare, utan å få søkjarar. For å få eit godt grunnlag for ei ny utlysning, vart det jobba med kartlegging av behov/ satsingsområde på tvers av kommunar og faggrupper, og i tett dialog med Norsk psykologforening. Dette resulterte i ein relativt open utlysningstekst med omsyn til lokalisering og organisering, der innspel frå aktuelle søkjarar kunne ha innverknad på val av vertskommune.

Rådmannsutvalet oppnemnde eit rekrutterings -og tilsetjingsutval som bestod av rådmennene i Tokke og Kviteseid, tillitsvald for Den norske legeförening og samhandlingskoordinator.

Fakta i saka:

Då søknadsfristen gjekk ut, var det to godt kvalifiserte søkjarar til stillingane.

Rekrutterings -og tilsetjingsutvalet fekk i mandat å koma med framlegg til samarbeidsavtale mellom kommunane. Rådmennene i utvalet vurderte eit vertskommunesamarbeid etter §20 i ny kommunelov som den meste aktuelle strukturen for samarbeidet om dei to psykologstillingane.

På bakgrunn av denne vurderinga er det utarbeid eit framlegg til samarbeidsavtale mellom dei fem kommunane Fyresdal, Tokke, Nissedal, Kviteseid og Seljord, med Seljord som vertskommune. Utkast til avtale inneheld dei områda som jamfør kommunelova §20 - 4 skal inngå i ei avtale om vertskommunesamarbeid, sjå vedlagt framlegg til avtale.

For å sikre god forankring og ei heilskapleg tilnærming i kommunane, er det i avtaleutkastet definert ei styringsgruppe på overordna administrativ nivå. Styringsgruppa skal syte for at det vert lagt vekt på tenesteutvikling i samsvar med utfordringsbilde og satsingsområda i kommunane. Ei arbeidsgruppe samansett av fagansvarlege innan aktuelle tenesteområde som helsestasjon, psykisk helse, legetenester, barnevern og skule/ barnehage i deltakarkommunane vil utgjere eit nettverk for tenesteutvikling i kommunane.

Vurdering:

Det kan vera utfordrande å arbeide i fem kommunar, med ulik organisering, ulik tilgang på ressursar, ulike behov og ulike kulturar. For å imøtekoma desse utfordringane bør eit vertskommunesamarbeid sikre strukturar og rammer, men også gje høve til fleksibilitet og handlingsrom. Det vil vera lite hensiktsmessig med ei detaljert styring av psykologressursane ut

i frå til dømes tal på barn og unge i den einskilde kommune. Behovet for tenester vil variere over tid, og nytteverdien for kommunane samla sett bør stå i fokus.

Ei styringsgruppe vil kunne justere satsingsområda og medverke til ei felles tenesteutvikling i kommunane, medan ei arbeidsgruppe vil vera ein viktig arena for implementering og dialog både mellom kommunane og intert i den einskilde kommune. Ved å forankre både styringsgruppe og arbeidsgruppe i ei vertskommuneavtale, vil kommunane ha ein ryddig struktur for tenesteutvikling og samhandling.

Rådmannens tilråding:

Seljord kommune sluttar seg til avtale om vertskommunesamarbeide om psykologtenester i kommunane Fyresdal, Tokke, Nissedal, Kviteseid og Seljord.

Avtala vert vedteken slik den fylgjer vedlagt denne saka.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Tillegg til punkt 6 Rapportering:

Det skal utarbeidast tertialrapportar og årsmelding for dei samarbeidande kommunane. Rådmannen si tilråding med tillegg vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Seljord kommune sluttar seg til avtale om vertskommunesamarbeide om psykologtenester i kommunane Fyresdal, Tokke, Nissedal, Kviteseid og Seljord.

Avtala vert vedteken slik den fylgjer vedlagt denne saka med eit tillegg til punkt 6 Rapportering, Det skal utarbeidast tertialrapportar og årsmelding for dei samarbeidande kommunane.

PS 55/19 Søknad om tilskot til å dekke ekstrakostnad med kork på Eventyrøy - Seljord idrettslag

Rådmannen si tilråding:

Rådmanen rår formannskapet gjere følgjande vedtak;
Seljord kommune løyver ikkje midlar til Seljord idrettslag for å koste utgiftene med påfylling av kork på kunstgrasanlegget på Eventyrøy. Idrettslaget må sjølve drifte sine anlegg på ein god måte og dei oppmodast til å finne avbøtande tiltak for å hindre svinn av korkgranulat.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Seljord kommune løyver ikkje midlar til Seljord idrettslag for å koste utgiftene med påfylling av kork på kunstgrasanlegget på Eventyrøy. Idrettslaget må sjølve drifte sine anlegg på ein god måte og dei oppmodast til å finne avbøtande tiltak for å hindre svinn av korkgranulat.

PS 56/19 Søknad frå Uppigard Natadal om løyve til å skjenke eigenprodusert øl

Rådmannen si tilråding:

Rådmannen rår formannskapet til å gjera følgjande vedtak:

- Uppigard Natadal får utvida gjeldande skjenkeløyve, jf formannskapssak nr. 45/12, til å omfatte skjenking av eigenprodusert øl.
- Det utvida løyvet gjeld i dei lokala som i formannskapssak nr. 45/12 fekk alminneleg skjenkeløyve.
- Vilkåra gjeve i formannskapssak nr. 45/12 gjeld ved utviding av løyvet.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

- Uppigard Natadal får utvida gjeldande skjenkeløyve, jf formannskapssak nr. 45/12, til å omfatte skjenking av eigenprodusert øl.
- Det utvida løyvet gjeld i dei lokala som i formannskapssak nr. 45/12 fekk alminneleg skjenkeløyve.
- Vilkåra gjeve i formannskapssak nr. 45/12 gjeld ved utviding av løyvet.

PS 57/19 Seljord kommune sine merknader til kunnskapsgrunnlaget "Ditt og mitt Vestfold og Telemark"

Rådmannen si tilråding:

Rådmann rår formannskapet til å fatte fylgjande vedtak:

Seljord kommunen gir med dette sine merknader til kunnskapsgrunnlaget «Ditt og mitt Vestfold og Telemark». Sakshandsaminga syner kommunen merknader for kvar av punkta det er ynskja tilbakemelding på.

Handsaming i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Samrøystes vedteke.

Vedtak i Formannskap/økonomiutval - 13.06.2019

Seljord kommunen gir med dette sine merknader til kunnskapsgrunnlaget «Ditt og mitt Vestfold og Telemark». Sakshandsaminga syner kommunen merknader for kvar av punkta det er ynskja tilbakemelding på.

PS 58/19 Tilbod frå Vest-Telemark Næringsbygg - Administrasjonsbygg